



Vest politidistrikt  
Postboks 285 Sentrum  
5804 BERGEN

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
16/509-7	Kaare Songstad	Arild Ingar Læg Reid	57665010	K2 - X31	18.08.2016

## Politireforma - Innspel frå Årdal kommune

Vi viser til orienteringsmøter og til politimeisteren sine oppmodingar om å kome med innspel frå kommunane i politidistriktet.

Årdal kommune ligg inst i Sognefjorden og har i stor grad måtte klare seg sjølv på grunn av geografiske tilhøve. Etter vegutløysinga mot Fodnes, blei det store endringar i samferdsle og det vart etablert vaksamarbeid mellom Årdal, Lærdal og Aurland. Årdal kommune er den største kommunen i vaktregionen med om lag 5400 innbyggjarar mens Lærdal og Aurland til saman har om lag 3900. Det er store avstandar i vaktregionen.

Lensmannen i Årdal legg stor vekt på at kontoret i dag har tidsmessige kontorfasilitetar og at det er tilgang på tilfredsstillande garasjar, arrestar, utstysrom og arkiv m.v. Kontorlokala er framtidretta og det vil vere gode høve til å tilpasse dei til endra behov.

Årdal kommune har i fleire tiår arbeidd planmessig med førebyggingsarbeid gjennom organisasjonen Årdal Tenk Tryggleik (ÅTT). Dette er eit samarbeid mellom kommunen Hydro og det lokale lensmannskontoret og det utgjer også Politirådet. Kommunen er representert med ordførar, rådmann og NAV-leiar. Lensmannen møter frå politiet. Frå Hydro møter verksdirektøren. Gjennom ÅTT og Politirådet held partane kvarandre orientert om tilhøve som kan påverke tryggleiken for folket i kommunen og felles aksjonar for å førebygge kriminalitet og tiltak overfor born og unge vert koordinert her. ÅTT og Politirådet har høg status mellom folket i kommunen og er av stor førebyggande verdi for trivsel og tryggleik mellom ibuarane i kommunen. M.a. skjer gjennomføringa av Politikameratane og utdeling av sykkelhjelm til skuleborn i regi av ÅTT (kommunen og lensmannen). ÅTT har eigen årleg handlingsplan for korleis vi i samarbeid med folket i kommunen skal førebygge skader og ulukker og politiet er ein aktiv deltakar i gjennomføring av tiltak og pålegg. Samarbeidet har blitt nytta som modell fleire stader i landet og kommunen legg stor vekt på aktiviteten og samarbeidet.

### Sentrale særtrekk i Årdal:

- Årdal hamn er ei Schengenhamn.
- Årdal har asylmottak der det for tida bur om lag 150 asylsøkjjarar.
- Årdal har nærleik til Jotunheimen og lensmannskontoret har ein viktig beredskaps-søke- og redningsfunksjon.
- Årdal er eit knutepunkt austover mot Tyin.
- Årdal har eigen vidaregåande skule (mange ungdomar frå Årdal og nabokommunane)

- Lensmannskontoret er og har vore ein viktig statleg arbeidsplass og det er av stor verdi at dei tilsette bur i bygda. Dei kjenner dei ulike miljøa der det er viktig at politiet er i beredskap eller til stades.



Nokre avstandar:

Årdalstangen – Florø:	212,5 km.
Årdalstangen – Bergen:	240,0 km.
Årdalstangen – Hønefoss:	250 km.

Årdal kommune føreset at lensmannskontoret på Årdalstangen vert oppretthalde også etter at nærpolitireforma er gjennomført.

Med helsing

Arild Ingar Læg Reid  
ordfører